

Revidert i fylkesutvalet 26.09.2018, etter lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova) nr. 28 - 08.06.2018, gjeldande frå 01.07.2018

VEDTEKTER FOR FAGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

§ 1 Formål

Fagskulen i Sogn og Fjordane skal gjennom eit robust og utviklingsretta fagmiljø tilby fagskuleutdanning med ein høg fagleg og pedagogisk kvalitet og som er tilpassa behova i marknaden. Utdanninga skal vere eit reelt tilbod for heile fylket, prega av fleksibilitet i organisering og gjennomføring.

Fagskulen skal gjennom partnerskap med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemdar vere eitt av fleire verkemiddel fylkeskommunen nyttar som regional utviklingsaktør.

§ 2 Styret – val og samansetnad

Organisering

Fagskulen i Sogn og Fjordane skal ha eit **eige** styre som er oppretta med heimel i **Lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova) §§ 9 og 10**. Styret er det øvste **ansvarlege** styringsorganet for **Fagskulen i Sogn og Fjordane**. Fylkestinget er det øvste politiske organet for **Fagskulen i Sogn og Fjordane**.

Valperiode

Valperioden for styret følgjer den fylkeskommunale valperioden.

Studentrepresentanten vert vald for eitt år om gongen.

Samansetnad

Styret har 7 medlemmer med personlege varamedlemmer, og skal vere samansett slik:

- to medlemmer **med bakgrunn** frå **relevant arbeids- eller** næringsliv etter framlegg frå deira organisasjonar
- to politiske medlemmer frå fylkeskommunen (1 frå hovudutval for opplæring og 1 frå hovudutval for **næring og kultur**)
- **ein medlem etter framlegg frå fylkesrådmannen**

Fylkesutvalet har valretten **når det gjeld medlemane nemnt over**.

Vidare skal styret ha:

- ein medlem **vald av og blant** dei tilsette ved **fagskulen**
- ein medlem **vald av og blant** studentane

Fylkesutvalet vel leiar og nestleiar.

Revidert i fylkesutvalet 26.09.2018, etter lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova) nr. 28 - 08.06.2018, gjeldande frå 01.07.2018

svein§ 3 Styret – oppgåver og mynde

Styret har følgjande hovudoppgåver:

- Ha det overordna ansvaret for planlegging og oppfølging av fagskulen si verksemd.
- Vere ansvarleg for at **utdanningane** blir gjennomførde etter vedtekne planar. **Planane skal reviderast kvart år og godkjennast av styret ved starten av kvart studieår.**
- Søkje om godkjenning av fagskuleutdanninga.
- Vere ansvarleg for at all informasjon som vert gjeve til NOKUT og til søkjarane er korrekt og fullstendig.
- **Fastsetje krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leing ved fagskulen.**
- Ha ansvaret for kvalitetssikringa av utdanninga.
- Ha ansvaret for at verksemda er av høg kvalitet og at skulen vert driven effektivt og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.
- Leggje strategiar og planar for den faglege verksemda ved skulen, i samsvar med rammer og mål gjevne av fylkestinget.
- **Ha ansvaret for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylte.**
- Ha ansvaret for at dei økonomiske rammene og eigedom vert disponerte i samsvar med gjeldande regelverk.
- Leggje fram årsrekneskap med resultatata av verksemda og framlegg til budsjett for komande år.
- Leggje til rette for oppretting av studentråd og samarbeide med studentrådet om læringsmiljøet, **jf. fagskulelova § 15 .**

Styret vedtek følgjande:

- Det faglege tilbodet
- Framlegg til budsjett
- Plan for intern organisering
- Studieplan og årsplan, inkludert plan for etter- og vidareutdanning for tilsette
- Reglement for fagskuleutdanninga, **jf. fagskulelova § 21**
- Anna verksemd, inkludert kurs
- **Oppretting av lokal klagenemnd, jf. fagskulelova §20**
- Tilsetjing av **rektor** for fagskulen, **jf. fagskulelova, § 12**
- Tilsetjing av andre arbeidstakarar.
- Delegering av mynde til **rektor, til lokal klagenemnd** og ev. til andre. **Styret kan delegere sitt avgjerdsmynde til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal gjere vedtak.**

§ 4 Styremøta mv.

For styremøta gjeld følgjande:

- Styret gjer vedtak i møtet.
- Styret vert innkalla av styreleiar eller når minst to styremedlemer krev det.
- **Styremøta vert leia av styreleiar eller nestleiar i denne sitt fråver. Om ingen av desse er tilstades, peikar styret ut ein møteleiar.**

Revidert i fylkesutvalet 26.09.2018, etter lov om høyere yrkesfaglig utdanning (fagskulelova) nr. 28 - 08.06.2018, gjeldande frå 01.07.2018

- Styret kan gjere vedtak når minst 4 medlemmer **eller tilsvarande mange varamedlemmer**, inklusive styreleiar eller nestleiar, er til stades **og røystar**.
- Styret sitt vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved røystelikskep gjeld det som styreleiar har røysta for.
- Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal underskrivast av alle styremedlemene.

Godtgjersle til styret

Styremedlemene er omfatta av **Arbeidsvilkår for folkevalde** og får møtegodtgjersle etter gruppe 2 i reglementet.

Styreleiaren får fast godtgjersle etter pkt. 1.3 i reglementet.

§ 5 Rektor

Fagskulen skal ha ein rektor, jf. lov om fagskulelova §12.

Rektor er sekretær for styret og har møte- og talerett i styret.

§ 6 Klagebehandling

Fagskulen skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager på enkeltvedtak, jf. fagskulelova § 20. Styret kan ta avgjerd om at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker frå studentane og saker etter fagskulelova §§ 23 til 27.

§ 7 Læringsmiljø

Styret har det overordna ansvaret for det fysiske og psykiske arbeids- og læringsmiljøet til studentane, jf. **fagskulelova § 15**.

Styret skal, i samråd med eventuelle studentorgan, leggje tilhøva til rette for eit godt læringsmiljø og arbeide for god studentvelferd.

Som del av skulen si kvalitetssikring skal det utarbeidast eit dokumenterbart system for ivaretaking av læringsmiljøet.

§ 8 Innhaldet i utdanninga

Styret skal fastsetje ein plan for innhaldet i utdanninga og ta avgjerd om korleis planen skal gjennomførast, jf. fagskulelova § 17.

Styret har ansvaret for at utdanningane er i samsvar med godkjenninga frå NOKUT. Styret er ansvarleg for at gjennomføringa av **utdanningane** er i samsvar med **planane**.

§ 9 Grader

Departementet **kan i forskrift bestemme kva grader ein fagskule kan gje**, jf. fagskulelova § 18.